

Ofte stilte spørsmål –politiske parti

Kven er ansvarleg for tilskotsordninga?

[Fornyings- og administrasjonsdepartementet](#) (FAD) og fylkesmennene har ansvar for dei administrative oppgåvene i tilknyting til [partilova](#). [Statistisk sentralbyrå](#) (SSB) skal hente inn, samanstille og offentleggjere informasjon i tilknytning til kapittel 4 i lova. Sjå også [partifinsisering.no](#). [Partilovnemnda](#) er klageorgan for alle spørsmål som omhandlar [partiloven](#).

Kvar finn eg reglene for statstilskot til politiske parti?

[Partilova](#) med tilhørende [forskrift](#) definerer dei reglane som gjeld statstilskott til politiske parti. I tillegg kjem [Fornyings- og administrasjonsdepartementet](#) sine rundskriv og [Partilovnemnda](#) sine vedtak i klagesaker.

Kvar sender ein søknaden?

For kommune- og fylkesparti er det [Fylkesmannen](#) som tek mot søknader og behandlar dei. For dei nasjonale partia er det [Fornyings- og administrasjonsdepartementet](#) som tek mot søknadane og behandlar dei.

Kva tid er søknadsfristen?

Søknadsfristen er 15. februar kvart år. Men partia kan søkje også etter dette.

Kven får statstilskot?

Det er dei politiske partia som er registrerte i [Partiregisteret](#) i Brønnøysund som kan få statstilskot. Kommune- og fylkesparti som har eit morparti som er registrert i Partiregisteret kjem innunder regelen. Ungdomsorganisasjonane til dei registrerte politiske parti på nasjonalt og regionalt nivå kan også få tilskot.

Kva meinar ein med eit registrert politisk parti?

Eit registrert politisk parti er registrert i [Partiregisteret](#) i Brønnøysund. Eit kommuneparti evt. fylkesparti som har eit morparti som er registrert i Partiregisteret er rekna som eit registrert politisk parti. [Partilova](#) kapittel 2 handlar om dette.

Har felleslister rett på statstilskot?

Ei fellesliste som er samansett av registrerte politiske parti kan få tilskot, men i tillegg er dette avhengig av siste valresultatet. Sjå meir om dette i [partilova](#) kapittel 3. § 11 omtalar dei nasjonale partia, medan §§ 12 og 13 gjeld for fylkes- og kommunepartia. Du finn meir om dette i rundskriv [P-030 av 11.08.2006](#) fra Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Kven betalar ut statstilskot?

Fylkesmannen Sogn og Fjordane betalar ut tilskot for søknader frå kommune- og fylkesparti. Søknader frå dei nasjonale partia er det Fornyings- og administrasjonsdepartementet som tek mot, saksbehandlar og betalar ut.

Korleis vert tilskot utrekna?

Tilskotet er delt i grunnstøtte og stemmestøtte. Grunnstøtte vert gjeve etter søknad som eit likt beløp til parti som ved siste val fekk minst 4 % av stemmene i kommunen/fylket, eller som fekk minst ein representant vald inn i kommunestyre/fylkesting. Stemmestøtte vert gjev etter søknad som eit likt beløp per stemme partiet fekk ved siste val i kommunen/fylket. Kroner per

stemme og grunnstøtte vert fastsett av Fornyings- og administrasjonsdepartementet i rundskriv som kjem i januar kvart år.

Kva tid kjem utbetlinga?

Ca 1. april kvart år.

Innsamling av opplysningar – kvifor det?

I samband med søknad om partistøtte er fylkesmennene pålagt å føre register over alle parti, partilag og fylkesungdomsorganisasjonar.

Data som skal registrerast er: namn på partiorganisasjon, postadresse, telefonnr, namn på leiar, organisasjonsnummer og kontonummer som støtta skal utbetalast til.

Fylkesmannen sender opplysningane skal til Statistisk sentralbyrå innan 1. april kvart år. Dette er m.a omtala i [rundskriv 1/2006](#) frå Fornyings- og administrasjonsdepartementet av 23.01.2006.

Kan partia søkje om tilskot andre stader?

Ja, dette er omtala i [partilova](#) kapittel 4.

Kan ungdomspartia søkje?

Ungdomsorganisasjonane til dei registrerte politiske partia på nasjonalt og regionalt nivå kan søkje. Det er valresultatet til morpartiet som avgjer storleiken på tilskotet.

Kvar kan partia klage?

[Partilovnemnda](#) er klageinstans. Eventuell klage på vedtak vedkomande kommune- og fylkesparti skal sendast til Fylkesmannen. Fylkesmannen gjev uttale til klagen og sender den til Partilovnemnda til avgjerd. Klage på vedtak vedkomande dei nasjonale partia skal sendast til Fornyings- og administrasjonsdepartementet.

Kvar finn ein søknadsskjema og korleis søker eg?

Fylkesmannen legg ut søknadsskjema og informerer om søknadsfristar ved kvart årsskifte. [Link](#) til Fylkesmannen Sogn og Fjordane. Kontakt [Fylkesmannen](#) i ditt fylke for meir informasjon.